



OPPDAL BYGDEKVINNELAG

Årsmelding 2020



Årsmelding 2020 for Oppdal bygdekvinnelag

Medlemmane fekk sendt halvårsplan for 2020, som vart amputert på grunn av koronapandemien.

Vi starta året med å dra på Bygdestreif i Brattsberg, Line Mjøen og Randi Horvli. Representant frå sentralstyret Liv Grøtne snakka om NBK som har negativ utvikling av medlemstalet, endre namn for å utvide medlemsmassepotensialet? Namneskifte må skje i NBK før det er aktuelt for eit lokallag å endre frå bygdekvinnelag til noko anna.

Første medlemsmøtet hadde vi på Spisbar den 22.januar, 7 møtte til ein triveleg kveld der Randi Horvli hadde eit innlegg om kommunikasjon.

OBK inviterte seg sjølv inn på OHS avdeling Høa da det vart servert lokalmat i samband med årleg gjennomføring av trøndersk matmanifest den 12.februar. Innslaget vart populært fordi vi sat og prata med eller hjalp til med servering av festmaten laks og rabarbrasuppe. Vi var fire inklusiv Ivar Horvli, Ragnhild, Randi Elisabeth og Randi.

Vi var ein handfull medlem som gjekk på kino den 8.mars og såg filmen «Woman». Kort samling i fojeren etterpå med nødvendig «debriefing» etter den sterke filmen.

Både Barnas verdensdager i mai, open dag på museet i juni og vår bod under fårikålfestivalen gjekk ut på grunn av koronarestriksjonar i år.

Styret hadde møte ute i hagen til Randi Horvli i juni og var samde om å få til eit lesarinnlegg (Klimakur 2030 med bilde av Tyroler gråfe i Horvli) som var kortare enn mal frå NBK, men samtidig blinkskot. Dette kom først i oktober, da i samarbeid med Rennebu bygdekvinnelag. Avisinnlegget er sendt ut til medlemmane saman med innkalling til årsmøtet og invitasjon til å bli med på Bygdestreif på Ørlandet. Bygdestreifet er utsett til januar neste år.

På styremøtet i juni planla vi også medlemsmøte ute på Rauøra den 10. august med wraps frå Bortistu. Ein suksess i strålende vêr med 9 frammøtte (6 medlem), deriblant Ivar Horvli som sørga for bålcaffe.

Vi har teke i bruk høve NBK gir oss med medlemslista vår på nett. Derfor ser medlemmane sms frå NBK og e-post derifrå som er skriva av leiar/sekretær for styret i OBK.

Styret har vore sett saman slik: Randi Horvli, Ragnhild Rogogjerd, Olava Hagen Bø, Edel Thyve Fjellheim, Line Mjøen med vara Hanna Vik og Toril Fløystad Dørum. Vi har hatt fire styremøte.

Talet på medlem i Oppdal bygdekvinneleg er på veg ned igjen. Nå er vi 24 medlem og treng fleire nye i alle aldrar.

The logo for Oppdal Maskinkompani AS features the word "OPPDAL" in a large, bold, black sans-serif font. To the left and right of "OPPDAL" are three horizontal black bars of equal length. Below "OPPDAL" is the word "MASKINKOMPANI AS" in a slightly smaller, bold, black sans-serif font.

<https://oppdal-maskinkompani.no/>